

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 10.02.2015
SAKSHANDSAMAR: Lars-Johan Frøyland
SAKA GJELD: Etablering av nytt innkjøpsforetak i Helse Vest - Helse Vest
Innkjøp HF

ARKIVSAK: 2015/1486/
STYRESAK: 026/15

STYREMØTE: 03.03. 2015

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Helse Vest Innkjøp HF blir etablert innan 1. april 2015 i medhald av lov om helseforetak av 15. juni 2001 nr. 93.
2. Styret godkjenner at det blir gjennomført overdraging av verksemd for innkjøpsfunksjonen frå Helse Vest RHF til Helse Vest Innkjøp HF.
3. Overdraginga skal skje i tråd med gjeldande lover og avtaler, jf. særleg Arbeidsmiljøloven §§ 16-1 – 16-7.
4. Styret ber administrerande direktør gjennomføre overdraginga av verksemda for innkjøpsområdet i god dialog med dei medarbeidarane overdraginga gjeld.
5. Styret ber administrerande direktør bidra til at overdraginga kan gjennomførast snarast råd, og seinast i løpet av 2015.

Samandrag

Helse Vest RHF etablerte i juni 2013 eit prosjekt som skulle vurdere framtidig organisering av innkjøpsfunksjonen i helseføretaka. Dei administrerande direktørane i helseføretaka, leiargruppa i Helse Vest RHF, ein konserntillitsvalgt og konsernhovudverneombod har vore i styringsgruppa for prosjektet. Denne saka er basert på rapporten frå prosjektgruppa, og gjer greie for dei tilrådingane prosjektet gir knytt til framtidig organisering av innkjøpsområdet i regionen. Prosjektet tilrår følgjande :

- at det blir oppretta eit nytt helseføretak kalla Helse Vest Innkjøp HF
- at alle medarbeidarane innan innkjøpsområdet blir overført (overdraging av verksemd) til dette føretaket i løpet av 2015.

Det er styra i helseføretaka, Helse Vest IKT AS og Helse Vest RHF som treff avgjerd om overdraging av verksemd. Styret i Helse Vest RHF stiftar det nye føretaket.

Bakgrunn

Helseføretaka er heilt avhengig av innkjøp av varer og tenester for å kunne gje spesialisthelse-tenester til befolkninga. Om lag ein fjerdedel av helseføretaka sine kostnader er knytt til innkjøp av varer og tenester. Samla kjøper føretaksgruppa i Helse Vest varer og tenester for 5,5 mrd kroner (2013), der 4 mrd er driftskjøp og 1,5 mrd investeringskjøp. Sidan innkjøp utgjer ein så stor del av dei samla kostnadane med å drive sjukehusa, er det viktig at det blir etablert kommersielt gode avtalar, og at kvaliteten og funksjonen på dei innkjøpte varene og tenestene også er gode. Dette er svært viktig for pasienttryggleiken.

Alle anskaffingar i Helse Vest skal skje i samsvar med regelverket for offentlege innkjøp (lov og forskrift om offentlege anskaffingar). Som ein stor offentleg innkjøpar kviler det eit samfunnsansvar på føretaksgruppa med tanke på god forvaltning og effektive innkjøpsprosessar. Innkjøpa skal skje på ein samfunnsteneleg måte som også tek i vare miljø og prinsipp om etisk handel.

Innkjøp er derfor både ein operasjonell og ein strategisk viktig funksjon for føretaksgruppa Helse Vest.

Innkjøp i Helse Vest

Helseføretaka i regionen har dei siste åra utvikla eit nært samarbeid innan innkjøpsområdet. Det er oppnådd store gevinstar ved å samordne innkjøpa og stå fram som ein aktør ut mot leverandørmarknaden. Stadig fleire av dei avtalane som før var lokale for kvart helseføretak, er blitt gjort til regionale fellesavtalar som gjeld for alle helseføretaka i regionen. I Helse Vest RHF styresak 110/13 (styremøte 02.10.2013) er prisgevinstane ved samordninga av innkjøpa

dei siste 10 åra estimert til ca 630 mill kroner. Dette er driftsinnkjøp. I tillegg til prisgevinstar har dette også gitt andre typar gevinstar, mellom anna i form av meir standardiserte produkt.

Eit styrevedtak frå Helse Vest RHF i 2010 slår fast at føretaksgruppa skal innføre ein modell med kategoribaserte innkjøp, og at ein organisatorisk skal arbeide i ei matrise innan innkjøpsområdet. Det siste skjer ved at kategorileiarar i helseføretaka rapporterer i linje til lokal innkjøpssjef men fagleg til regional innkjøpssjef. Modellen med kategoribasert innkjøp blei innført mot slutten av 2010.

Til tross for et ein kan syne gode resultat for innkjøpsarbeidet i helseregionen samla sett, står innkjøpsfunksjonen i helseføretaka i krevjande utfordringar, både prosessuelle og organisatoriske. Avtaledekninga er for låg, og det er manglande kapasitet til å inngå nye avtalar i den takt og i det omfang som er naudsynt. Det er også manglande kapasitet til forvaltning av avtalar. Ulik ressursituasjon mellom helseføretaka gjer at enkelte helseføretak dreg ein større del av lasset enn deira relative storleik skulle tilseie. I tillegg ser ein at leiing av innkjøpsfunksjonen blir krevjande i den matriseorganiseringa ein har pr. i dag. Dette gjer seg mellom anna utslag i at ressursane og kompetansen truleg ikkje blir nytta godt nok på tvers av føretaksgruppa. Dette synleggjer at det er rom for forbetringar i korleis innkjøpsarbeidet er organisert.

På denne bakgrunn blei det hausten 2013 etablert eit regionalt prosjekt som mellom anna skulle vurdere framtidig organisering av innkjøpsfunksjonen i regionen. Prosjektet fekk namnet Orkidé. Det regionale AD-møtet (med tillegg av dei konserntillitsvalde) har vore styringsgruppe for prosjektet. Prosjektgruppa har vore nivå-2 leiarar med ansvar for innkjøp, saman med innkjøpssjefane i føretaka. Per Karlsen (økonomi- og finansdirektør i Helse Vest RHF), har vore prosjektleiar.

Prosjektet har hatt dette mandatet:

«Fra helseforetaksreformen startet i 2002 har man innen innkjøpsområdet god erfaring med å arbeide sammen i regionale prosesser. Erfaringene viser at det er potensiale for å utvikle det regionale samarbeidet innen innkjøpsområde enda lengre. Dette prosjektet skal gi retning for felles regional organisering av innkjøpsområdet i Helse Vest. Ny organisering innen området må understøtte både lokale og regionale behov for varer og tjenester».

Prosjektet har dokumentert no situasjonen for innkjøpsfunksjonen i føretaksgruppa. I tillegg er det gjort vurderingar av trendar og utviklingstrekk knytt til innkjøpsfunksjonen i andre større private og offentlege organisasjonar. Det er eit sentralt utviklingstrekk at større organisasjonar konsoliderer og samlar innkjøpskapasiteten i ei felles avdeling eller eit eige selskap. Dette for å sikre ei overordna styring av funksjonen, og byggje kompetanse og for å nytte ressursane best mogleg på tvers av dei ulike delane av organisasjonen.

Som ein del av prosjektarbeidet er det utarbeid følgjande overordna mål for innkjøpsfunksjonen i føretaksgruppa:

Helse Vest skal gjennomføre anskaffing av varer og tenester til spesialisthelsetenesta:

- *til riktig kvalitet til riktig pris som gir effektiv pasientbehandling, tek i vare pasientsikkerhet og hensynet til sikkerhet, helse og velferd for medarbeidarane*
- *med god avtaledekning for anskaffingsbehova til Helse Vest og der det er lojalitet mot inngåtte avtaler.*
- *der ein fremjar innovasjon og legg til rette for bruk av nye løysingar.*
- *som ivaretar etisk og miljømessige hensyn*
- *som ivaretar regelverk for offentleg innkjøp og sikrar gjennomsiktighet og motvirkar korrupsjon.*

Innkjøp i Helse Vest skal

- *vere ein aktiv og premissgjevande samarbeidspartnar for nasjonale og regionale einingar.*
- *vere den leiande innkjøpsorganisasjonen innan helse i Noreg*

Prosjektet har vurdert ulike organisatoriske modellar for innkjøpsfunksjonen i regionen.

Vurderingar

Prosjektet tilrår at innkjøpsfunksjonen i helseføretaka, i Helse Vest IKT AS og Helse Vest RHF blir overført til eit nytt innkjøpsføretak eigd 100% av Helse Vest RHF. Dette inneber at føretaka ikkje lenger vil ha egne innkjøpsavdelingar. Ein rår til at desse avdelingane blir overført til nytt selskap gjennom overdraging av verksemd. For Helse Bergen HF skjer anskaffing av medisinsk-teknisk utstyr (MTU) gjennom prosjektkontoret i drift/teknisk divisjon. Ein rår til at den innkjøpsfaglege delen av prosjektkontoret vert overført til nytt føretak. Helse Vest RHF legg si innkjøpsavdeling, inn i det nye innkjøpsføretaket fordi det nye føretaket vil ha både eit operativt fokus, og vera eit strategisk reiskap på innkjøpsområdet for føretaksgruppa.

Eit felles føretak for innkjøp i Helse Vest vil ha fleire fordelar. Prosjektet peikar mellom anna på følgjande gevinstar:

- Velfungerande kategoristyring vil gi gevinstar på tvers av føretaka:
 - ✓ Tydeleg forankring og ansvarsliner for innkjøpskategoriane.
 - ✓ Hentar ut effektar frå kategoristrategiane¹ på tvers av føretaksgruppa.
 - ✓ Legg til rette for standardisering av varer og tenester som skal nyttast på tvers av føretaka.

¹ For kvar innkjøpskategori er det lage ein kategoristrategi.

- Gjennom forprosjektet i Program LIBRA² er det identifisert ei rekkje gevinstar knytt til innkjøpsområdet. Nytt regionalt innkjøpsføretak vil være ein sentral premissgjever for å hente ut desse gevinstane.
- Involvering av fagressursar i kategori- og innkjøpsarbeidet vil sikra rett kvalitet på varer og tenester og medverkar til god pasientbehandling.
- Betre styring av den regionale innkjøps-porteføljen ved at ressursar blir allokert der det er størst gevinstar.
- Meir og betre samarbeid på tvers av føretaka vil gi gevinstar på effektivitet
- Betre utnytting av samla innkjøpskapasitet i regionen.
- Standardisering av innkjøpsarbeidet og innkjøpsprosessar på tvers av føretaka.
- Stordriftsfordeler, kompetanse og erfaringsdeling gir effektive og gode anbudsprosessar.
- Tydeleg styringsstruktur med klar linjeleiing og ansvarsfordeling for heile regionen
- Heilskapleg og tydelig regional leiing med klar linjeorganisasjon.

Tabellen nedanfor syner tal på stillingar som er omfatta av overdraginga :

Føretak	Tal stillingar til nytt innkjøpselskap
Helse Vest RHF	5
Sjukehusapoteka Vest HF	0,2
Helse Vest IKT AS	2
Helse Førde HF	3
Helse Bergen HF	21
Helse Fonna HF	4
Helse Stavanger HF	12
SUM	47,2

Det vil være avgjerande at det nye helseføretaket har naudsynt med kapasitet og rett kompetanse for å kunne tilby gode innkjøpstenester til føretaka i Helse Vest. Analyser tyder på at den samla innkjøpsfunksjonen i regionen fortsatt er underdimensjonert i forhold til dei oppgåvene ein skal løysa. Ein legg til grunn at styret i det nye selskapet så snart som råd tek opp arbeidet med å etablere ein robust plan for det nye føretaket, og om naudsynt styrka bemanninga.

Spørsmålet om hovudkontor for det nye føretaket er drøfta i både prosjektgruppa og styringsgruppa. Stavanger og Bergen står fram som to gode alternativ. Styringsgruppa var delt i spørsmålet om lokalisering av hovudkontor, men har samla seg og tilrår at forretningsadressa blir lagt til Bergen.

² Program LIBRA er Helse Vest sitt teknologiprogram innan økonomi-, innkjøp- og logistikkområdet.

Det sentrale punktet er å sikre ein profesjonell innkjøpsorganisasjon som gjennomfører innkjøpa med god kvalitet til lågast mogeleg pris. Det meiner ein er lagt til rette gjennom dette arbeidet.

På nyåret 2015 blei det skrive felles styresak for handsaming i helseføretaksstyra. Helseføretaka og Helse Vest IKT AS har handsama saka i sine styrer slik tabellen nedanfor viser:

Føretak	Dato for styrehandsaming
Helse Førde HF	22.01.2015
Helse Bergen HF	28.01.2015
Helse Stavanger HF	24.02.2015
Sjukehusapoteka Vest HF	11.02.2015
Helse Fonna HF	12.02.2015
Helse Vest IKT AS	09.02.2015

I forkant av styremøta har det vært drøftingar med dei tillitsvalte i helseføretaka og Helse Vest IKT AS.

I samband med desse drøftingane reiste dei tillitsvalte i Helse Stavanger HF spørsmål om prosessen for etableringa av føretaket. Vedlagt denne saka ligg eit notat som gjer greie for dette spørsmålet.

Styrevedtak for det einskilde føretak følgjer saka som utrykte vedlegg. Alle føretak og IKT selskapet har samrøystes slutta seg til etablering av selskapet.

Planen er at overdraging av verksemd skjer snarast råd, og seinast i løpet av året 2015.

Etter prosjektet si meining vil eit regionalt innkjøpsføretak, eigd av Helse Vest RHF, være den organisasjonsmodellen som best sikrar ei robust utvikling av innkjøpsfunksjonen i regionen og som vidare sikrar en påliteleg og bærekraftig leveranse av relevante innkjøpsavtaler til føretaka.

Involvering av medarbeidarar

Ei lang rekkje praktiske forhold skal handterast fram mot dato for overdraging av verksemd. Dette arbeidet vil skje administrativt, og i nært samarbeid med dei tillitsvalde og vernetenesta. Dei medarbeidarane saka gjeld, vil bli invitert inn til aktivt samarbeid i den vidare prosessen fram mot verksemdsoverdraginga.

For å sikre god forankring av endringsprosessen blir helseføretaka oppmoda om å etablere lokale prosjekt.

Etter at føretaket formelt er stifta vil føretaket sitt styre saman med dagleg leiar arbeid vidare for å planlegge og førebu overdraging av verksemd.

Trykte vedlegg:

- Rapport frå prosjekt Orkidé
- Notat av 05.02.2015 til Helse Stavanger HF

Utrykte vedlegg:

- Styrevedtak i sak 008/2015 frå Helse Førde HF
- Styrevedtak i sak 08/2015 frå Helse Bergen HF
- Styrevedtak i sak 09/2015 frå Helse Fonna HF
- Styrevedtak i sak XX frå Helse Stavanger HF
- Styrevedtak i sak 09/15 frå Sjukehusapoteka Vest HF
- Styrevedtak i sak 03/15 frå Helse Vest IKT AS